



Sauda kommune

2025

Reglement for skuleskyss i Sauda kommune



Foto: dreamstime



Innholdsfortegnelse

Rettleiar for skuleskyss i Sauda kommune.....	3
Innleiing	3
1.0. Kva gir rett til gratis skuleskyss?	4
1.1. Definisjonar	4
1.2. Avstand mellom heim og skule	4
1.3. Særleg farleg skuleveg	5
1.4. Skuleskyss med båt	6
1.5. Skuleskyss på medisinsk grunnlag	6
1.6. Skuleskyss på midlertidig medisinsk grunnlag	7
1.7. Førebuande opplæring for vaksne	8
1.8. Midlertidig stengt skule.....	8
2.0. Eleven sin heim	8
2.1 Adresse	8
2.2 Delt bustad og fast samvær	9
2.3. Asylmottak	10
2.4. Fosterheim	10
2.5. Avlastningsheim	10
2.6. Midlertidig bustad utanfor heimen og fleire bustader i løpet av året	11
2.7. Elevar i helseinstitusjon	11
3.0. Eleven sin skule.....	12
3.1. Nærskule.....	12
3.2. Skuleskyss til private grunnskular.....	13
3.3. Undervisning ved alternativ opplæringsarena.....	13
4.0. Tilrettelagt skuleskyss	14
4.1. Generelle reglar	14
4.2. Eleven sine rettar og plikter i samband med tilrettelagt skuleskyss med drosje	15
4.3. Privat utføring av skuleskyss mot godtgjersle.....	16
5.0. Skysstandard og reisetid.....	17
5.1. Organisering av skysstilbodet	17
5.2. Akseptabel gangavstand til transportmiddel	17
5.3. Akseptabel reisetid	18
6.0. Skulefritidsordning (SFO) og leksehjelp.....	19
6.1. Generelle reglar	19
6.2. Elevar med spesialpedagogisk undervisning i skulefritidsordninga	19
6.3. Leksehjelp	20
7.0. Kommunane sitt ansvar	20



7.1.	Plikt til samordning	20
7.2.	Informasjonsplikt	21
7.3.	Økonomisk ansvar.....	21
7.4.	Reisefølge og tilsyn.....	22
7.5.	Trygt og godt psykososialt miljø.....	22
7.6.	Innlosjering.....	23
7.7.	Trafikkopplæring.....	23
8.0.	Innmelding og reglar for bruk av skuleskyssbillett.....	23
8.1.	Generelle reglar	23
8.2.	Tap av skuleskysskort.....	24
8.3.	Misbruk	24
9.0.	Vedtak og klagerett.....	25



Rettleiar for skuleskyss i Sauda kommune

Innleiing

Skuleskyss er ein del av elevar sine rettar etter opplæringslova, og skal bidra til at dei som har lang eller farleg skuleveg, eller som har medisinske utfordringar med å ta seg til skulen, kan dra nytte av sin rett til opplæring. Skuleskyss utført av Kolumbus blir i hovudsak gjennomført som del av den ordinære kollektivtrafikken.

Barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn i saker om skuleskyss, og blir tungt vekta i spørsmål om kva som vil vere ei forsvarleg skulereise. Vurderinga av kva som er til det beste for barnet er ikkje alltid det som vil vere den enkleste løysinga for barnet, og det blir stilt høgare forventingar til kva barn kan meistre etter kvart som barna mognast.

Skulen søker om skuleskyss på vegne av elevane i fylkeskommunen sitt søknadssystem. Med dette dokumentet opphører alle tidlegare vedtak om reglar og praksis for skuleskyss i Sauda kommune

Kolumbus må ha tilstrekkeleg tid til å planlegge og organisere skyssen. Dette inneber at søkerar må akseptere at det kan ta noko tid før transporttilbodet blir sett i gang etter at søknad er meldt inn. I samband med oppstart av nytt skuleår må ein rekne med inntil 14 dagar saksbehandlingstid, både for nye søknader og for endringar i eksisterande søknader.

Vedtaksmynne er fordelt slik mellom Rogaland fylkeskommune ved Kolumbus og kommunane:

Kommunen har ansvar for og fattar vedtak i saker som gjeld:

- særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, der eleven bur mindre enn 4 km frå skulen (2 km for første årstrinn)
- annan skuleskyss etter kommunalt vedtak

Rogaland fylkeskommune ved Kolumbus har ansvar for og fattar vedtak i saker som gjeld:

- ordinær skuleskyss (grunna avstand mellom heim og skule)
- skyss på medisinsk grunnlag
- vurdering av skyssmiddel ved særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, der eleven bur meir enn 4 km frå skulen (2 km for første årstrinn).



1.0. Kva gir rett til gratis skuleskyss?

1.1. Definisjonar

Heimel: Opplæringslova kap.4, rundskriv Udir-2-2019

Retten til skuleskyss er individuell og følger den enkelte eleven.

Skuleskyss blir rekna som den daglege transport mellom heim og skule til skulen sine ordinære start- og sluttider.

Med tilrettelagt skuleskyss meiner vi skuleskyss utført med drosje, sjå punkt 4.2, eller med eige transportmiddel, sjå punkt 4.3.

Med skuleskyss på medisinsk grunnlag meiner vi skuleskyss for elevar som på grunn av funksjonshemmning eller skade eller sjukdom har behov for transport, sjå punkt 1.5.

Skuleskyss på midlertidig medisinsk grunnlag er skuleskyss for elevar som på grunn av akutt og midlertidig skade eller sjukdom har behov for transport i ein avgrensa periode, sjå punkt 1.6.

1.2. Avstand mellom heim og skule

Heimel: Opplæringslova § 4-1, Udir «Tolkning av avstandskriteriet i opplæringslova § 7-1» (08.05.2019)

Elevar i 2. til 10. årstrinn som bur meir enn 4 km frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i første årstrinn er skyssgrensa 2 km. Avstandsgrensene på 2 km og 4 km er absolutte. Det er ikkje rom for å utøve skjønn med omsyn til avstanden.

Avstand mellom heim og skule blir målt langs kortaste alminneleg farbare veg rekna frå dør til dør. Dersom det er fleire inngangsdører eleven kan bruke på skulen, skal det målast til døra lengst vekke, uavhengig av om eleven faktisk brukar denne døra. Med alminneleg farbar veg meiner vi vegar som ikkje er skilta forbode for gåande.

Forklaring

Kartgrunnlaget og vegdata kjem frå Kartverket. Avstand blir målt med digitale verktøy som t.d. <https://www.google.com/maps>. Private oppmålingar med til dømes bil og GPS blir ikkje vektlagt i klagesaker, men om de meiner det er feil i den digitale oppmålinga kan de syne til kva de meiner er feil.



I tillegg til offentleg veg, blir også gangvegar, stiar og private vregar som er open for allmenn ferdsel rekna som alminneleg farbar veg. Det avgjerande er om vegen er open for gåande.

1.3. Særleg farleg skuleveg

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1 og § 28-7, Udir-2-2019, Prop.57 L (2022-2023) s. 578

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Dersom avstanden mellom heim og skule er under avstandsgrensa for rett på skuleskyss etter føresegna i punkt 1.2 er kommunen ansvarleg for skyss. Søknad om skyss skal då rettast til kommunen via skulen.

Skulen registrerer søknad om skuleskyss på bakgrunn av informasjon frå føresette. Skulen handsamar søknaden

Føresette har hovudansvaret for trafikkopplæringa av eigne barn, sjå punkt 7.7.

Forklaring

For at vilkåret om «ein del av vegen er særleg farleg eller vanskeleg» skal vere oppfylt, må skulevegen innebere ein risiko som klart overstig det som er normalrisikoen ved å ferdast i trafikken for barn. Det er eit skilje mellom farleg skuleveg og særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Sjølv om ein skuleveg kan bli definert som farleg, og det kan vere risikabelt at barn skal gå på denne, betyr ikkje det at vilkåret i opplæringslova § 4-1 om «særleg farleg eller vanskeleg» skuleveg er oppfylt. Det er i unntakstilfelle, der risikoen er markant høgare enn normalt, at kommunen eller fylkeskommunen har ansvar for å organisere skyss.

Når skulevegen blir vurdert, vurderer kommunen tilstanden til skulevegen, trafikkforhold og klima/årstid. Er framkomsten for eksempel ekstra vanskeleg om vinteren, kan eleven få innvilga skuleskyss som kun gjeld om vinteren.

I tillegg til tilhøve ved vegen skal tilhøve ved den einskilde eleven, til dømes alder, utvikling, syn og hørsel, bli teken med i vurderinga av om vegen blir rekna for å vere «særleg farleg eller vanskeleg».

Skuleelevar sine trafikkferdigheiter er heilt avhengig av relevant trening og opplæring. I tilfelle der det blir innvilga skyss for ein avgrensa periode, er det viktig at føresette i denne perioden trener mykje med barna slik at dei blir i stand til å ferdast i trafikken på eiga hand når skyssen fell bort. Det finst mange gode råd om slik opplæring på Trygg Trafikk sine heimesider.



1.4. Skuleskyss med båt

Heimel: Opplæringslova § 4-1

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

1.5. Skuleskyss på medisinsk grunnlag

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1 og 28-7, forvaltningslova § 17, Prop. 57 L (2022-2023) s.579, Udir-2-2019

Elevar som treng skyss på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har rett til gratis transport til og frå skulen.

Det må vere funksjonshemminga eller sjukdommen som gjer at eleven har behov for skuleskyss. Omgrepene «funksjonshemming» vil kunne omfatte både varige fysiske og psykiske funksjonsvanskar.

Behovet for skuleskyss må vere dokumentert med legeerklæring eller erklæring frå behandlande psykolog. I særskilte tilfelle kan kommunen be om vurderingar utover dette, til dømes frå PP-tenesta. Mangefull erklæring frå lege/behandlande psykolog kan føre til lengre saksbehandlingstid, og eventuelt avslag på søknaden.

For reglar om følgeperson, sjå punkt 7.5.

Forklaring

Ein lege kan ikkje innvilge skuleskyss, men må gi forvaltninga grunnlag for å vurdere retten etter opplæringslova. Dersom eleven har behov for tilrettelagt skuleskyss med drosje/privat bil må dette vere grunngitt i dokumentasjonen. Utgangspunktet for skuleskyss er at alle elevar som kan, skal nytte kollektivtransport.

Erklæringa må seie noko om:

- grunnen til at eleven har redusert reiseevne (diagnose og beskriving av utfordringar med skulereisa)
- kva type transport det blir søkt om (buss, skyss utført med eige transportmiddel, drosje)
- anslått tidsrom for når eleven treng slik transport (veker, månader, år)



1.6. Skuleskyss på midlertidig medisinsk grunnlag

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1 og 28-7, forvaltningslova § 17, Udir-2-2019

For elevar som har ein akutt og midlertidig skade eller sjukdom, kan skulen bestille og setje i gang tilrettelagt skuleskyss før søknaden er behandla av Kolumbus. Det må vere den akutte skaden eller sjukdommen som gjer at eleven treng tilrettelagt skuleskyss etter punkt 1.4.

Skyssbehovet må vere dokumentert med legeerklæring. Dersom skyssbehovet ikkje er dokumentert, eller dokumentasjon er mangefull, vil Kolumbus kunne stanse den oppsette transporten utan varsel.

Skular som set i gang midlertidig medisinsk skyss utan tilstrekkeleg dokumentasjon på eleven sitt behov kan bli ansvarlege for kostnaden av skyss som blir utført.

For reglar om følgeperson, sjå punkt 7.5.

Forklaring

Ein lege kan ikkje innvilge skuleskyss, men må gi forvaltninga grunnlag for å vurdere retten etter opplæringslova. Dersom eleven har behov for tilrettelagt skuleskyss med drosje/privat bil må dette vere grunngitt i dokumentasjonen. Utgangspunktet for skuleskyss er at alle elevar som kan, skal nytte kollektivtransport. Erklæringa må seie noko om:

- årsaka til at eleven har redusert reiseevne (diagnose og beskriving av utfordringar med skulereisa)
- kva type transport det blir søkt om (buss, skyss utført med eige transportmiddel, drosje)
- anslått tidsrom for når eleven treng slik transport (veker, månader, år)
- døme på akutt skade der skulane kan legge inn midlertidig medisinsk skuleskyss er beinbrot eller operasjon som krev avlastning hos eleven. Varige tilstandar som kan gi midlertidige behov for skyss skal skulane legge inn som varig medisinsk skuleskyss.

Dersom skulen tek direkte kontakt med transportør og set i gang skyss utan at dette har blitt søkt om blir skyssen rekna som bestillingstransport og må den dekkast av skulen.



1.7. Førebuande opplæring for vaksne

Heimel: Opplæringslova §§ 21-1, 21-2 og 21-3

Deltakarar i den førebuande opplæringa, grunnskule, for vaksne som bur 4 km eller meir frå opplæringsstaden, har rett til gratis skuleskyss. Det må liggje føre kommunalt vedtak om at eleven er tatt opp til førebuande opplæring. Vedtaket må innehalde tal undervisningstimar, oversikt over fag, dagar og opplæringsstad.

Vaksne som på grunn av funksjonshemmning, sjukdom eller skade har behov for skyss har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei deltek i førebuande opplæring for vaksne, sjå punkt 1.5. Desse har òg rett på reisefølge og tilsyn dersom dei på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje klarer seg åleine i ventetida før og etter opplæringa. Ansvarsfordelinga mellom kommune og fylkeskommune gjeld tilsvarende som for andre elevar i grunnskolen.

Forklaring

Skyss mellom undervisningsstader må bli organisert og dekt av skule eller kommune.

Ein del kommunar har tilbod om aktivitetar og arbeid på same lokasjon som det blir sett opp vaksenopplæring. Dette gir ikkje rett på gratis skuleskyss, men mange kommunar har eigne tilbod om transport i samband med dette.

1.8. Midlertidig stengt skule

Kolumbus skal sørge for skuleskyss ved omplassering av elevar som for en periode blir flytta til ein annan skule enn vanleg, som følgje av midlertidig stengt skule.

2.0. Eleven sin heim

2.1 Adresse

Heimel: Opplæringslova § 4-1, Prop. 57 L (2022-2023), s. 579

Elevar har rett til transport frå og til sin heim eller oppsamlingsplass nær heimen, dersom vilkåra elles er oppfylt. Eleven sin heim er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført



med i folkeregisteret. Ved delt bustad eller fast samvær kan begge føresette sine bustader vere eleven sin heim. Asylmottak, fosterheim og avlastingsheim kan også bli rekna som eleven sin heim.

2.2 Delt bustad og fast samvær

Heimel: Opplæringslova § 4-1, Prop. 57 L (2022-2023), s. 579

Elevar som har fleire heimar har rett til transport til og frå kvar heim som oppfyller vilkåra. Vurderinga blir gjort individuelt for kvar av adressene.

For at ei adresse skal vere rekna som eleven sin heim, må eleven sitt opphold på kvar adresse vere ei rimeleg fast, planlagt og regelmessig ordning, ikkje improviserte enkeltbesøk. Det er ikkje eit krav om at eleven bur like mykje i kvar heim, men det avgjerande er at eleven faktisk bur to stadar.

Fordelinga av når elev bur i kvar heim må vere skildra i søknad eller i eit vedlegg for at Kolumbus skal kunne godkjenne skuleskyss til begge heimar. Midlertidige endringar frå den faste planen gir ikkje rett på ny organisering av transport.

Kolumbus er ansvarleg for å organisere eit forsvarleg transporttilbod. Vurdering av om eleven har rett til gratis skuleskyss, kva som er akseptabel reisetid og kva som er forsvarleg transport vil bli gjort sjølvstendig og konkret for begge heimane.

Dersom ein av dei føresette bur slik til at dagleg skyss ikkje kan bli organisert innanfor forsvarlege rammer, vil eleven ikkje ha rett til gratis skuleskyss til og frå denne heimen. I slike tilfelle må føresette enten sjølv ordne med transport, revurdere eleven sin bu-situasjon eller innlosjere eleven.

Elevar med to heimar vil kunne ha rett til skyss til og frå begge heimane, sjølv om den eine heimen ligg i ein annan kommune eller i eit anna fylke enn skulen eleven går på. Det vil likevel vere den kommunen der eleven er folkeregistrert som har opplæringsansvaret for eleven, og som blir fakturert for kommunale kostnader ved transporten. Begge adressene vil kunne vere utgangspunkt for kva som er eleven sin nærskule i samband med skuleskyss.
<https://www.kolumbus.no/globalassets/skjema/skoleskyss/soknadsskjema-skoleskyss-ved-delt-bosted-m-veiledning-ajour-pr-26.03.152.pdf>



2.3. Asylmottak

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1 og 4-2 jf. § 2-2

For elevar som bur i asylmottak, blir asylmottaket rekna som eleven sin heim.

2.4. Fosterheim

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1 og 28-3, Prop. 57 L (2022-2023) s.579

Når ein elev bur i fosterheim etter offentleg vedtak, blir fosterheimen rekna som eleven sin heim. Dersom eleven bur midlertidig i beredskapsheim eller liknande gjeld reglar om midlertidig bustad, punkt 2.6.

Det er kommunen som har fatta vedtak om at eleven skal i fosterheim som er ansvarleg for kommunale kostnader ved transporten. Dette gjeld og dersom fosterheimen ligg i ein annan kommune enn skulen.

Når eleven bur i fosterheim er eleven sin nærskule den skolen som ligg nærmast fosterheimen.

2.5. Avlastningsheim

Heimel: Opplæringslova § 4-1, Prop. 57 L (2022-2023) s.579

For elevar som har tilbod om avlastning etter kommunalt enkeltvedtak blir avlastningsheimen rekna som eleven sin heim dei dagane eleven har slikt tilbod.

Dersom avlastningsheimen ligg i ein annan kommune, er heimkommunen ansvarleg for å dekke personaksten.

Forklaring

Det kan godkjennast transport til både avlastningsinstitusjonar og hos privat avlastar i regi av kommunen. Kopi av enkeltvedtaket om avlastning må leggjast ved søknaden om skyss til/frå avlastningsheimen. Private ordningar om avlastning utan offentleg vedtak, til dømes hos andre familiemedlemer, fell utanom retten til skoleskyss.



2.6. Midlertidig bustad utanfor heimen og fleire bustader i løpet av året

Heimel: Opplæringslova § 4-1, Udir-2-2019, Q-06/2007 frå Barne- og likestillingsdepartementet

Elevar som midlertidig bur utanfor heimen vil normalt ikkje ha rett til gratis skuleskyss frå denne adressa.

Elevar som etter offentleg vedtak bur midlertidig utanfor heimen vil likevel kunne ha rett til gratis skuleskyss dersom vilkåra for skyss elles er innfridde. Dette gjeld også om midlertidig bustad er i ein annan kommune eller fylke. Uforsvarleg lang reisetid eller ekstraordinære kostnader kan føre til at retten til skuleskyss blir avgrensa.

I tilfelle der eleven bur midlertidig utanfor heimen vil det bli tatt omsyn til at eleven kan vere i ein vanskeleg livssituasjon, og involverte instansar bør vere fleksible og ha evne til å ta raske avgjersler.

I barnevernssaker der det er fatta vedtak om at eleven skal bu på korttidsinstitusjon eller i midlertidig beredskapsheim, har det statlege eller kommunale barnevernet som har fatta vedtaket ansvar for meirkostnader ved transport fram til barnet har fått ein meir permanent bustad.

Elevar som har fleire faste bustader i løpet av skoleåret har rett på gratis skuleskyss dersom vilkåra for å få skyss elles er oppfylt. Har bustaden funksjon som ferie- eller fritidsbustad, har elevar ikkje rett på skyss.

Forklaring

Døme på faste bustader i løpet av året er dersom heimen driv turistbedrift med sesongdrift og stølsdrift.

Døme på midlertidig bustad som kan gi rett på fylkeskommunal skuleskyss er opphold på krisenter, helseinstitusjon eller opphold i midlertidig avlastningsheim.

Bustad utanfor heimen som skuldast andre meir «frivillige tilhøve» som t.d. oppussing/utleige av heimen, gir ikkje rett til gratis skuleskyss. Utgifter til skuleskyss grunna midlertidig bustad utanfor heimen grunna brann, vasskade eller liknande dekkast ikkje av opplæringslova sine føresegner. I slike tilfelle kan husstanden ha moglegheit til å rette krav til sitt forsikringsselskap.

2.7. Elevar i helseinstitusjon

Heimel: Opplæringslova § 28-4 jf. § 4-1, Rundskriv Udir-2-2019



Elevar som er innlagde på helseinstitusjonar i Rogaland har rett til gratis skuleskyss dersom vilkåra for gratis skuleskyss elles er innfridd. Retten gjeld berre for innlagde som får spesialisthelsetenester finansierte av staten.

Retten gjeld òg for elevar som er barn av eller søsken til personar som er innlagt på slik helseinstitusjon, når institusjonsopphaldet truleg vil føre til meir enn fjorten dagars fråvær per skoleår for barnet eller søsken.

3.0. Eleven sin skule

3.1. Nærskule

Heimel: Opplæringslova §§ 2-6, 4-1, 28-7, Udir-2-2019,
Udir tolkingsuttale «Nærskuleprinsippet og skulekretsgrenser»,

Med nærskule meiner vi skulen som eleven soknar til etter kommunen sine vedtak om skulekrinsar. Retten til skuleskyss gjeld mellom heimen og nærskulen.

Dersom kommunen innvilgar søknad om å gå på ein annan skule enn nærskulen kan dei i nokre tilfelle stille vilkår knytt til skuleskyssen i vedtak om skuleplass. Vedtaket om skuleplass vil vere førande for kva rett eleven har til gratis skuleskyss til ein anna skule enn nærskulen. Dersom skulebytet gir eit anna transportbehov enn eleven ville hatt til sin nærskule kan retten til skyss bli avgrensa.

Kommunen er ansvarleg for meirkostnader knytt til skuleskyss til annan skule enn nærskulen overfor fylkeskommunen. Sjå punkt 7.3.

Forklaring

Dersom kommunen har stilt vilkår om skuleskyssen i vedtak om skuleplass på ein anna skule enn nærskulen, vil dei føresette normalt vere ansvarleg for skuleskyss. Føresette kan vere ansvarlege for ekstrakostnad knytt til skyss dersom eleven til dømes må reise lengre enn dei ville gjort til nærskulen. Dersom føresette vil klage på at det er stilt vilkår i vedtak om skuleplass må denne klaga rettast til kommunen som har fatta vedtaket.

Kommunen har ikkje høve til å sette vilkår knytt til skuleskyssen dersom skuleplassen er grunngitt i eleven sin rett til opplæring, til dømes ved spesialskular.



3.2. Skuleskyss til private grunnskular

Heimel: Privatskulelova §§ 2-1 og 3-7, opplæringslova §§ 4-1, 4-2 og 4-3, Ot.prp.nr.46 (1997-98) s.175-176

Elevar ved privatskular som er godkjent til statstilskot, har rett til skyss etter dei same vilkåra som elevar i den offentlege skulen. Andre private skular er ikkje omfatta av retten til skuleskyss.

Retten til skyss, reisefølge og tilsyn for elevar i privatskular gjeld berre innanfor kommunegrensa der eleven bur. For elevar med fleire bustader skal retten vurderast individuelt for kvar adresse.

Retten til skyss gjeld ikkje opplæringstilbod som er spesielt organisert for vaksne, eller skular i utlandet.

Forklaring

Vurderinga av om reisa er forsvarleg er avgrensa til den delen av reisa som er innanfor kommunegrensa. Dei føresette må sjølve syte for skyssen mellom kommunegrensa og skulen.

Tilrettelagt transport til kommunegrensa blir ikkje godkjent og sett i gang før Kolumbus har fått tilbakemelding om korleis resten av reisa blir organisert og finansiert.

Ved delt bustad kan eleven ha rett til skuleskyss frå begge føresette si adresse etter reglane i kap. 1.1, men berre innanfor kommunegrensa for kvar av adressene. Det er ikkje avgjerande kvar eleven er folkeregistrert. Døme: Elev bur i kommune A når ho er hos mor og går på privat skule der, men bur i kommune B når ho er hos far. Avstanden mellom heimen og skulen i kommune A er over 4 km, og avstanden mellom heimen og kommunegrensa i kommune B er 500 m. Eleven vil då ha skyssrett mellom heimen og skulen innanfor kommune A når ho bur hos mor. Fordi det er gangavstand mellom heimen fram til kommunegrensa i kommune B vil eleven ikkje ha rett til gratis skuleskyss når ho bur hos far. Reisa mellom kommunegrensa og skulen vil dei føresette vere ansvarlege for.

3.3. Undervisning ved alternativ opplæringsarena

Heimel: Ot.prp.nr.46 (1997-98) s. 175-176 og 194, Udir tolkningsuttale 12.12.2014

For elevar som etter kommunalt vedtak har undervising på alternativ opplæringsarena, blir dette rekna som eleven sin skule. Kommunen er ansvarleg for meirkostnader knytt til skuleskyss til alternativ opplæringsarena, og må organisere slik transport utanom



fagsystem for skuleskyss. Dette gjeld og for undervisning delar av året ved kompetansesenter.

Kolumbus dekkjer kostnader tilsvarende som det eleven har rett til nærskulen. Skulen eller kommunen kan søke til Kolumbus om refusjon. Retten til skoleskyss gjeld berre så langt dagleg skyss er forsvarleg.

Forklaring

I refusjonskrav må det framkomme kva som er totalkostnaden ved skyssen, og kva som er rekna å vere meirkostnad.

Dersom eleven ikkje ville hatt tilrettelagt skuleskyss til sin nærskule og får eit anna skyssbehov til alternativ opplæringsarena vil heile kostnaden vere ein meirkostnad som kommunen er ansvarleg for.

4.0. Tilrettelagt skuleskyss

4.1. Generelle reglar

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1 og 7-3, Ot.prp.nr.46 (1997-1998) s.175-176, SOM-2015-3340

I særskilte tilfelle kan Kolumbus godkjenne tilrettelagt skoleskyss mellom heimen og skulen. Tilrettelagt skoleskyss betyr i denne samanheng skuleskyss utført med drosje, sjå punkt 4.2, eller med eige transportmiddel, sjå punkt 4.3.

Tilrettelagt skuleskyss kan bli innvilga av Kolumbus i følgande tilfelle:

Det manglar offentleg rutetilbod.

Strekninga mellom heim og offentleg transportmiddel er over 1 km for elevar i 1.årstrinn, og over 2 km for elevar i 2.-10.årstrinn (sidevegsskyss) når eleven elles har rett på gratis skuleskyss.

Dersom skulevegen kan definerast som særleg farleg eller vanskeleg, sjå punkt 1.3, og det ikkje kan organisera forsvarleg reise med kollektivtransport.

Behov for tilrettelegging av skuleskyss på medisinsk grunnlag, sjå punkt 1.5.

Det er Kolumbus som skal innvilge og organisere tilrettelagt skuleskyss. Det kan gjelde heile eller deler av skulevegen. Unntak frå dette gjeld for skyss etter kommunalt vedtak.

Det vil då ligge til kommunen å vurdere skyssmiddel.

Forklaring

Transport mellom skule og medisinsk behandling er ikkje å rekne som skuleskyss. Dette er helseføretaka sitt ansvarsområde.



4.2. Eleven sine rettar og plikter i samband med tilrettelagt skuleskyss med drosje

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1, 7-3 og 7-4, Udir-2-2019 punkt 5.2

Skyssretten er avgrensa til skulen sine ordinære start- og sluttider.

Elevar som har innvilga skyss på medisinsk grunnlag, sjå punkt 1.5, kan få skuleskyss til tilrettelagt timeplan om behovet er dokumentert og timeplanen er fast. Dei kan også få skyss til og frå SFO, sjå punkt 6.1.

Skuleskyss utført med drosje erstattar rutegåande transport, og hentetider kan ikkje endrast midlertidig etter behov. Midlertidige endringar i timeplanen gir ikkje rett på endra skysstider. Dersom skulen eller kommunen likevel ønsker skyss til varierande tider eller midlertidig timeplan blir dei ansvarlege for organisering og kostnad av skyssen. Hyppige endringar i timeplan kan bli vurdert som midlertidige endringar, og kan avgrense retten til å få skysstidene tilpassa.

Elev/føresette/skule gjer avtale med transportøren om faste hente- og leveringstider med utgangspunkt i dei ordinære start- og sluttidene. Transportør som utfører tilrettelagt skoleskyss kan sette føringar for hente- og leveringstider.

Elevar må rekne med å bli henta/levert på ein oppsamlingsplass der dette er mogeleg. Eleven må vere klar til avtalt tid. Grunna køyreplan og samkjøring kan transportør køyre vidare dersom eleven ikkje er klar til avtalt tid.

Transportøren skal legge opp køyreruta slik at eleven får ei forsvarleg reise- og ventetid, sjå punkt 5.3, og det skal det bli tatt særleg omsyn til dei yngste elevane og elevar med særskilte behov. For elevar med behov for tilsyn må skulane minst kunne ta imot desse 15 minutt før skulestart. Tilsvarande må skulen minst legge til rette for at elevane kan bli henta 15 minutt etter skuleslutt. Elevar kan ha noko lengre ventetid enn 15 minutt på skulen før og etter skuledagen, der dette følger av avtale eller det er vurdert at eleven samla sett har ei forsvarleg reise- og ventetid.

All skuleskyss er i utgangspunktet samordna. Dette gjeld også den tilrettelagte skyssen. Det betyr at eleven kan få ekstra køyretid som følge av slik samordning. Ein må også vere førebudd på forseinking frå avtala hentetid grunna variasjon i trafikale forhold.

Henting utanom fastsette hentetider i samband med akutt sjukdom fell utanfor retten til skuleskyss etter opplæringslova. I slike tilfelle er føresette sjølv ansvarlege for transport.



Forklaring

Elevar har ikkje rett til å bli henta til uregelmessige tider. Dette gjeld til dømes skuleavslutningar, eksamen og liknande.

Avgrensingane om tilpassing i skysstider ved midlertidig eller hyppig endring av timeplan gjeld for alle elevgrupper med tilrettelagt skuleskyss med drosje, òg dei med behov for skuleskyss av medisinske grunnar.

Generelt er elevar med behov for tilsyn før og etter skulestart vurdert å vere elevane i 1.-4.årstrinn, og elevar med skyss på medisinsk grunnlag, med mindre anna kjem fram i ei konkret vurdering for eleven.

4.3. Privat utføring av skuleskyss mot godtgjersle

Heimel: Opplæringslova § 4-1, Ot.prp.nr.46 (1997-1998) s.175

For elevar med behov for tilrettelagt skuleskyss, sjå punkt 4.1, kan føresette søker om å utføre dette sjølve mot godtgjersle. Køyregodtgjersle blir gitt for køyring til og frå skulen sine ordinære start- og sluttider og omfattar ikkje levering og henting i SFO. Unntak frå dette gjeld elevar som har innvilga skoleskyss av medisinske grunnar, sjå punkt 1.5 og kapittel 6. Skyssutøvarar som utfører privat skyss og køyrer eins ærend får dekka reise tur og retur.

Skuleskyss med eige transportmiddel skal søkast om og godkjennast av Kolumbus på førehand. Det blir ikkje godtgjort for køyring med tilbakeverkande kraft.

Refusjonen blir utbetalt etterskotsvis. Skyssutøvarar skal sende inn oversikt over faktisk utført køyring på eige skjema i samband med innsending av refusjonskrav. Kravet bør vere innsendt seinast innan 6 månader etter avslutta skuleår. Skjema for refusjon skal vere attestert av skulen før det blir lagt ved krav om utbetaling. Krav som ikkje har tilstrekkeleg dokumentasjon vil ikkje bli utbetalt.

I tillegg til km-satsen kan skyssutøvarar få dekt andre nødvendige kostnader som er dokumentert.

Forklaring

Andre nødvendige kostnader kan mellom anna vere betaling av bompengar og ferjeturar. Alle utgifter utover kilometergodtgjering blir godtgjort etter billegaste måte (rabattavtale) og må vere dokumentert. Skulen må kontrollere utgiftene før refusjonen blir sendt til Kolumbus/ kommune. Berre dokumenterte utgifter blir refundert.



Alle utgifter til skuleskyss skal vere ført i refusjonsskjema. Skjema må vere attestert av skulen og leggjast ved refusjonskrav.

5.0. Skysstandard og reisetid

5.1. Organisering av skysstilbodet

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1 og 7-3, Prop. 57 (2022-2023) s. 579, Udir-2-2019

Kolumbus skal organisere eit skyssopplegg som er rasjonelt og økonomisk forsvarleg. All skuleskyss er i utgangspunktet samordna. Dette gjeld også den tilrettelagde skuleskyssen.

Skyssretten er avgrensa til skulen sine ordinære start- og sluttider. Det blir ikkje sett opp skuleskyss eller utbetalt godtgjersle for skoleskyss med eige transportmiddel til SFO-tider.

Elevar som har innvilga skuleskyss på medisinsk grunnlag, sjå punkt 1.5, kan få skyss til tilrettelagt timeplan om behovet er dokumentert og timeplanen er fast. Dei kan også få skyss eller godtgjersle for skyss til SFO-tider.

Skyssløysinga kan bli endra i løpet av skuleåret dersom det kjem ny informasjon eller endringar i tilhøva.

Forklaring

Skyssretten gjeld til dei faste tidene elevane har gjennom skuleåret, og blir organisert til desse tidene. Skuleskyssen blir ikkje tilpassa til dømes fritak frå enkelttimar, akutt sjukdom, eksamen og skuleavslutning.

5.2. Akseptabel gangavstand til transportmiddel

Heimel: Opplæringslova § 4-1, Prop. 57 (2022-2023) s. 678, Udir-2-2019

Skyssretten er knytt til strekninga mellom heim og skule. Eleven må pårekna å måtte ta seg fram ein rimeleg distanse til ein oppsamlingsplass. Elevar med gratis skuleskyss på medisinsk grunnlag vil ha rett på transport frå sjølve heimen dersom det ikkje er forsvarleg at dei tek seg fram til ein oppsamlingsplass, sjå punkt 1.5.

Gangavstanden til haldeplass/oppsamlingsplass kan vere inntil 1 km for elevar i 1.årstrinn, og inntil 2 km for elevar i 2. til 10. årstrinn. Elevar som har lengre gangavstand enn dette kan



søke om tilrettelagt skyss på denne strekninga, sjå punkt 4.1. Det er ein føresetnad at vilkåra for rett til gratis skyss elles er oppfylt.

Avstandsgrensa for sidevegskyss er rettleiande. I ei totalvurdering kan det i tillegg til avstand bli vektlagt:

- Om eleven har ein funksjonshemming, sjukdom eller skade
- Samla reisetid
- Framkomst på veg
- Samfunnsøkonomisk forsvarleg kostnad

5.3. Akseptabel reisetid

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1

Reise- og ventetid skal vere forsvarleg både med omsyn til den enkelte elev og ei rasjonell organisering av skyssen.

I vurderinga av om eleven si reise er forsvarleg blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg blir det lagt vekt på følgjande moment:

- Eleven sin alder
 - Kvar eleven må vente (på skulen, ute, i venterom)
 - Kor stor del av reisetida som er på transportmiddel
 - Rasjonell og samfunnsøkonomisk organisering av skyssen
- Elevane som får ventetid før undervisning tek til og etter at undervisning er slutt har rett på tilsyn, sjå punkt 7.5.

Ekstraordinært kostbare skyssordningar og skyssordningar med særleg lange reisetider kan medføre at dagleg skyss ikkje blir vurdert som forsvarleg. I slike tilfelle må føresette enten sjølve ordne transport, revurdere eleven sin bu- situasjon eller innlosjere eleven.

Forklaring

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skuleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skuleskyssen.

6.0. Skulefritidsordning (SFO) og leksehjelp

6.1. Generelle reglar

Heimel: Opplæringslova §§ 7-3 og 13-7, Udir-2-2019

Elevar med plass i skulefritidsordninga har som hovudregel ikkje rett til gratis skuleskyss til og frå SFO.

Elevar som har plass i skulefritidsordninga og som på grunn av funksjonshemmning eller midlertidig skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss mellom heimen og skulefritidsordninga. Retten omfattar ikkje transport på skulefrie dagar.

Forklaring

Fylkeskommunen sitt skyssansvar er avgrensa til skuleruta, og gjeld til dømes ikkje på planleggingsdagar og i feriar.

Dersom eleven har tilbod om SFO utanom skuledagane må ein vende seg til kommunen for spørsmål om transport desse dagane.

6.2. Elevar med spesialpedagogisk undervisning i skulefritidsordninga

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1 og 7-3, jf. § 5-1

Elevar som gjennom SFO får spesialpedagogisk opplæring etter kommunalt enkeltvedtak, kan ha rett til skyss dei dagane dei har slik undervisning på SFO.

Det er ein føresetnad at vilkåra for skyssrett elles er oppfylt, sjå kapittel 1.

Forklaring

Skulen/kommunen må sende inn dokumentasjon for undervisningsopplegget. Denne dokumentasjonen må fortelje kva dagar det blir gitt undervisning, og inkludere vedtaket om at eleven får undervisning i SFO. For å ha skyssrett skal SFO-tilboden vere gratis.

Det er ikkje eit vilkår for rett til skyss etter denne føresegna at eleven har behov for skyss av medisinske årsaker.



6.3. Leksehjelp

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1 og 7-3, jf. § 5-1, Udir-2-2019

Leksehjelp blir ikkje rekna som opplæring eller som SFO, og gir ikkje rett til gratis skuleskyss. Dette gjeld òg for elevar med behov for skuleskyss på medisinsk grunnlag.

7.0. Kommunane sitt ansvar

7.1. Plikt til samordning

Heimel: Opplæringslova § 28-7, rundskriv Udir-2-2019, Prop. 57 L (2022-2023) s. 290

Fylkeskommunen har hovudansvaret for organisering av skuleskyss. Kommunen og fylket skal samarbeide om organiseringa. Det inneber at kommunane må ta med skyssorganiseringa i vurderingane sine når dei fastset start- og sluttider og skuleruta.

Skyss blir sett opp etter kommunen si skulerute. Behov for tilpassing av skuleruta eller endringar i skulen sine start- og sluttider skal meldast til Kolumbus innan 1. mars. I vurdering av om Kolumbus kan tilpasse tider for kollektivtransport vil det særleg bli lagt vekt på om skyssen kan bli samordna for skular i same område. Dette gjeld både for vidaregåande skular og grunnskular.

Det kan ikkje pårekna at Kolumbus kan tilpasse tider for kollektivtransport dersom det blir meldt om endringar etter 1. mars. Det same gjeld dersom det er meldt om endringar som kan verke inn på skyss for andre skular.

Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skuleskyssen skal organiserast og finansierast, kan Statsforvaltar gi pålegg.

Forklaring

Betre samordning på tvers av skuleruta og start- og sluttida bidrar til eit meir heilskapleg tilbod for elevane og meir effektiv organisering av skuleskyss.



Kravet til samordning av skyssen tilseier at Rogaland fylkeskommune ved Kolumbus bør vere uttalepart i saker som gjeld endra skulestruktur (nedlegging av skular, endring av inntaksområde og liknande).

7.2. Informasjonsplikt

Heimel: Prop. 57 L (2022-2023) s. 598-599, forvaltningslova § 11

Kommunen og fylkeskommunen har plikt til å informere elevane om deira skyssrettar.

Fylkeskommunen vil informere kommunane/skulane og gjere tilgjengeleg informasjonsmateriell. Kommunar og skular må informere vidare til elev/føresette om gjeldande regelverk og retter.

Forklaring

Skuleskyssen er organisert slik at det er den enkelte skule som administrerer skuleskyss på vegne av sine elevar, og fungerer som bindeledd mellom elev/føresett og Kolumbus. Dette inneber at skulen må gjere seg kjent med gjeldande regelverk og informere og hjelpe ved innhenting av informasjon. Dei må og hjelpe elevar og føresette med avklaring av detaljer om skyss som er innvilga.

7.3. Økonomisk ansvar

Heimel: Opplæringslova § 28-7, rundskriv Udir-2-2019, Prop. 57 (2022-2023) s. 696

Kommunane har økonomisk ansvar for:

- skuleskyss etter kommunalt vedtak
- nødvendig tilsyn og reisefølge
- personakst for all skuleskyss på den aktuelle strekninga
- meirkostnader for skyss til annan skule enn nærskule og alternativ opplæringsarena
- dersom Kolumbus må etablere nye ruter for å skysse elevar kommunen er ansvarleg for, vil det ikkje vere tilstrekkeleg med refusjon etter personakst.

Forklaring

Av omsyn til praktisk handsaming av kostnadsfordeling blir kommunane fakturert for meirkostnadene for skyss til annan skule enn nærskulen etter faste takstar.

Kommunen blir fakturert for dei turane som er søkt inn og godkjent i fagsystem for skuleskyss. Det blir ikkje gjort fråtrekk for dei dagane elevane ikkje nytta skyssen.



7.4. Reisefølge og tilsyn

Heimel: Opplæringslova § 28-7 og § 4-2, Prop. 57 (2022-2023) s. 572, Udir-2-2019

Elevar har rett til reisefølge dersom dette er nødvendig for at eleven skal kunne nytte seg av det skysstilbodet dei har rett til. Elevar som kan trenge medisinering undervegs i transporten, må ha med følge. Ansvar for medisinering eller medisinsk hjelp under transport kan ikkje leggjast på sjåfør.

Elevar har også rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før og etter undervisninga. Retten til tilsyn kan i enkelte tilfelle gjelde i samband med bytte av transportmiddel undervegs.

Kommunen har ansvaret for å organisere og finansiere slikt reisefølge og tilsyn. Dette gjeld også dersom eleven kan gå til skulen med følge. Behov for reisefølge og tilsyn må meldast til skulen.

Transport av reisefølge gjeld på same strekning som eleven. Dersom skulen eller kommunen ønskjer ekstra transport utover dette må det avtalast særskilt med transportør, og skulen eller kommunen vil vere ansvarleg for meirkostnadene.

Forklaring

Elevar som treng hjelp til klargjering før eller etter skyss, til dømes på- og avkleding, hjelp i trapper, oppgangar eller gardsplass, må få dette av føresette eller tilsette ved eleven sin bustad eller skule.

Reglane om reisefølge og tilsyn gjeld også for elevar i privatskular.

7.5. Trygt og godt psykososialt miljø

Heimel: Opplæringslova §§ 9A-1 og 9A-3, Prop.57L (2016-2017) s.26 og s. 60, Udir-2-2019

Eleven har rett på eit godt psykososialt miljø på skulen.

Dersom forhold på skulevegen gjer at ein elev ikkje opplever det som trygt og godt å vere på skulen, har skulen ein plikt til å hjelpe eleven. Dette inneber at forhold på skulevegen kan føre til tiltak for å sikre eit trygt og godt skolemiljø på skulen.

Forklaring

Tiltak kan for eksempel vere at det blir sett inn tilsyn på skulereisa.



7.6. Innlosjering

Heimel: Opplæringslova § 4-3

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg.

I vurderinga skal det særleg bli lagt vekt på tilhøve som gjeld den einskilde elev, til dømes alder, funksjonshemmning, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen.

I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskuleelevar som er innlosjert.

7.7. Trafikkopplæring

Trafikkopplæring i grunnskolen er forankra i læreplan. God trafikkopplæring bør skje i samspel mellom skule og heim, men føresette har hovudansvaret for trafikkopplæringa av eigne barn. Skulane har som oppgåve å gjennomføre trafikkopplæring kontinuerleg gjennom heile skuletida, og skular som har elevar som reiser dagleg med buss bør øve på trygg bussåtferd.

Trygg trafikk har gode øvingsoppgåver på www.tryggtrafikk.no

8.0. Innmelding og reglar for bruk av skuleskyssbillett

8.1. Generelle reglar

Heimel: Opplæringslova §§ 4-1, 7-3, 28-7.

Alle elevar som blir innvilga gratis skuleskyss, og som nyttar offentleg transport, får tildelt eit skuleskysskort for buss (ev. andre transportmiddel).



Skuleskysskort er tilpassa skuleruta og gjeld med følgjande avgrensingar:

Skuleskyssbiletten er gyldig mellom heimen og skulen.

Skuleskyssbiletten kan nyttast til 2 reiser pr. skuledag med eventuell omstiging.

Skuleskyssbiletten er ikkje gyldig i helger, feriar og fridagar.

Skuleskyssbiletten gjeld for maksimalt 190 skuledagar.

Skuleskyssbiletten er personleg, og kan ikkje brukast av andre, eller på andre strekningar enn mellom heim og skule. Billetten kan bli brukt på valfri avgang mellom heim og skule i tidsrommet billetten er gyldig.

Skulen skal deaktivere elevar sitt skuleskysskort dersom eleven sluttar, flyttar eller av andre grunnar går ut av skyssordninga midt i skuleåret. Elevar som går ut av skyssordninga må levere inn fysisk skuleskysskort til skulen.

Forklaring

Elevar med rett til skuleskyss får to skuleskyssbillettar, i skuleskysskortet sitt, kvar dag: Éin frå heim til skule som kan nyttast i tidsrommet kl. 06:00-12:00, og ein frå skule til heim som kan nyttast i tidsrommet kl. 12:00-16:00. Skuleskyssbiletten kan ikkje nyttast for til dømes reiser til og frå fritidsaktivitetar eller til andre stader enn mellom heim og skule, men kan bli brukt på valfri avgang innanfor tidsrommet billetten er gyldig. Skuleskyssen og skuleskyssbiletten er tilrettelagt for reise til skulen sine start- og sluttider. Tidsrommet for skuleskyssbiletten og avgangar med kollektivmiddel vil ikkje bli utvida eller tilpassa andre aktivitetar.

Kommunen blir fakturert for skuleskyssen til elevane etter reglar i opplæringslova § 28-7. Fakturering blir gjort ut i frå når det meldast i frå om at eleven går ut av skyssordninga. Ein kan altså ikkje melde ut med «tilbakeverkande kraft».

8.2. Tap av skuleskysskort

Ved tap eller feil på fysisk skuleskyssbillett gjeld følgjande:

Melding om tapte eller øydelagd skuleskysskort skal snarast meldast til skulen.

Eleven vil få utlevert ny skuleskysskort på skulen.

Skuleskysskort som er meldt tapt blir sperra og kan ikkje brukast seinare.

8.3. Misbruk

Heimel: Transportvedtekter § 4

Ved misbruk eller ugyldig skuleskysskort blir den reisande sanksjonert i tråd med transportvedtekten.

9.0. Vedtak og klagerett

Heimel: Forvaltningslova §§ 17, 28 og 35,

Vedtak om skuleskyss er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Vedtaket om skuleskyss kan klagast på av part eller dei med rettsleg klageinteresse. Frist for å klage er tre veker rekna frå den dagen vedtaket kjem fram til mottakar.

Ei eventuell klage skal sendast til Sauda kommune ved skulen eller Rogaland fylkeskommune ved Kolumbus som då vil behandle saka på nytt. Dersom Kolumbus/kommunen opprettheld vedtaket, kan saka bli sendt vidare til Statsforvaltaren i Rogaland som fattar endeleg vedtak.

Fylkeskommunen og kommunen skal syte for at saka er tilstrekkeleg opplyst for å fatte vedtak. Elevar og føresette må gi skulen og fylkeskommunen den informasjonen som er nødvendig for at det kan fattast vedtak om skuleskyss. Dersom det ikke blir gitt slik informasjon kan det føre til at søknaden om skuleskyss blir avslått.

Dersom eit vedtak er gjort på openbert feil grunnlag, kan fylkeskommunen gjere om vedtaket, jf. forvaltningslova sine føresegner.

Klageretten gjeld vedtak om retten til skuleskyss og organiseringa av skuleskyssen.